

Mal for tilstandsrapport 2015/16 vil følgje prioriteringane i Styringsdokument 2013-2015. Det vil bli utarbeidd ein ny mal neste skuleår.

Namn på skulen: Kvinnherad vidaregåande skule

Tal elevar skuleåret 2015/16:

1 Hovudmål: Auka læringsutbytte og fullføring

Skulen si vurdering i lys av:

Andel fullført og bestått

Andel stryk og IV

Gjennomsnittleg frávær

Andel sluttarar

1.1 Andel elevar ved skulen som har fullført og bestått alle fag (PULS)

2014/15	Samla for alle trinn:	82,8%
	Studieførebuande	87,1%
	Yrkesfag	87,6%
	Påbygg	51,1%
2015/16	Samla for alle trinn:	81,7%
	Studieførebuande	84,9%
	Yrkesfag	83,5%
	Påbygg	61,0%

1.2 Total stryk og IV på standpunkt og eksamen (PULS)

		Andel stryk	Andel IV
Termin 1	2014/15	8,36%	9,7%
	2015/16	14,01%	8,52%
Standpunkt	2014/15	5,29%	5,85%
	2015/16	9,62%	5,77%
Eksamen	2014/15	13,33%	
	2015/16	13,01%	

1.3 Gjennomsnittleg frávær (PULS)

2014/15	timar	19,47 timar
	dagar	9,2 dagar
2015/16	timar	18,57 timar
	dagar	8,21 dagar

1.4 Andel sluttarar Avbrottsdato frå 1/10 (PULS)


2014/15	0,5%
2015/16	0%

1.5 Utfordringar og konsekvensar for mål og tiltak i utviklingsplanen 2016/17

Korleis vurderer skulen tilstanden når det gjeld fullført og bestått, stryk/IV og frávær i fag og utdanningsprogram?

Fullført og bestått	% Kvinnherad VGS (15-16)	% Hordaland (15-16)	% Nasjonalt (15- 16)
Fullført og bestått	81,7	79,5	48,1
Fullført og bestått - Studieforbereidende	84,9	85,5	52,7
Fullført og bestått - Yrkesfag	83,5	74,7	44,1
Fullført og bestått - Påbygg	61,0	68,2	39,4

Fullføringsgraden er dette skuleåret gått ned 2,2% for heile skulen. Nedgangen er på 4,1% for yrkesfaga (87,6% til 83,5%) og 2,2% for studieførebuande (87,1% til 84,9%). For elevar som er inntekne på påbygg er det ei forbetring i gjennomføring på 10% (frå 51% til 61%). Vi ser tilsvarande at inntakspoenga er noko sterkare for påbyggselevane dette skuleåre sett opp mot 14/15 (Frå 35,5 til 38,6). På samevis ser vi svakare inntakspoeng for elevane på yrkesfag (Frå 35,6 til 34,6). For studiespesialiserande er inntakspoenga omtrent dei same. Tendens frå tidlegare år med ein auke i tal elevar med grunnleggande og enkel kompetanse (<40 inntakspoeng) held fram. Skuleåret 15/16 har 47,2 % av elevane inntakspoeng under 40, mot tilsvarande for 14/15 er 46,5%. For heile Hordaland er delen av elevar med inntakspoeng for 15/16 på 41,5%.



Figuren og tabellen over viser fordeling av elevar som ikkje har bestått 3. trinn. Størsteparten av desse, 16 elevar, har stryk eller 1 i eitt eller to fag. Av desse 16 er det 15 som har stryk på ein til to eksamenar.

Gjennomsnittleg inntakspoeng for dei 13 elevane som har 2 eller fleire ikkje beståtte fag (IV eller 1) er 27,7.

Fråvære

Gjennomsnittleg fråvære er gått ned med ein dag og ein time per elev. Det er for tideleg å sei om dette skuldast interne tiltak som er sett i verk dette året, eller om det er ein naturleg variasjon. Utfordringar med høgt fråvære er først og fremst knytt til den eine tredjedelen av elevane som har betydeleg høgare fråvære enn gjennomsnittet. Desse elevane er og overrepresentert når det gjeld stryk og manglande evne til å gjennomføre og bestå skuleåret.

Forsking viser at mykje av fråfallet skjer i overgangen frå ungdomsskulen til vidaregåande og mellom nivåa i vidaregåande opplæring. Kva system har skulen for å sikre desse overgangane?

Kvinnherad vidaregåande skule og Kvinnherad kommune har saman utarbeida eit årshjul for samarbeide og overgang frå ungdomskule til vidaregåande. Omlag 90 % av elevane ved KVV kjem frå heimkommunen. Årshjulet omfattar alt frå skulebesøk og elevhospitering til samarbeidsmøter mellom KVV og ungdomskulane (rektor- og rådgjevarnivå) Overføringsmøte for «1. februar søkjarar» vert gjennomført i byrjinga av januar. Ved KVV har vi òg ein eigen ressursperson knytt til skulen sitt Opplæringsssenter som arbeider med alternative løp for elevar med låg motivasjon for teorifag, og/eller elevar som er i ferd med å ramle ut av vidaregåande skulen. Ressurspersonen arbeider med kryssløp der eleven får meir av opplæringa ute i bedrift og noko redusert / alternativ teoriopplæring på skulen. Dei siste åra har vi spissa merksemda på kva som må til for at elevane skal lukkast med å bestå/ gjennomføre vidaregåande opplæring. Gjennomføring sett opp mot inntakspoeng er tema på møta.

Kva utfordringar ser skulen når det gjeld sluttarar?

Generelt sett er tal elevar som sluttar svært lågt ved KVV. Det er ein liten nedgang i tal elevar som har slutta dette skuleåret sett opp mot sist skuleår. For enkelte elevar er det vanskeleg å få avklart status. Dvs. vi har elevar som vert ståande som elevar ved skulen, men som har svært lågt oppmøte. Grunnen til dette er at mange av desse ikkje vil godta/ akseptere at dei vert skrivne ut av skule. Skulen sitt opplæringsssenter arbeider tett opp mot denne elevgruppa. I ein del høve kjem ein fram til løysingar der eleven deltek i delar av opplæringa og har fagrelatert praksis knytt programfaga (yrkesfaga). Gruppa er ofte kjenneteikna med låge inntakspoeng frå ungdomsskulen. Ein ser og at lågt tal sluttar verkar inn på gjennomføringsgraden, ved at det er fleire elevar som ikkje fullfører og består den aktuelle utdanninga.

Kva konsekvensar får desse vurderingane for skulen sitt utviklingsarbeid?

Tendensen som vi har sett frå tidlegare år, med at elevevar med gjennomsnittleg låge inntakspoeng får utfordringar med å gjennomføre å beste eit treårig utdanningsløp, er vedvarande. Det er positivt for oss som skule at det er ein auka del av elevane som består vidaregåande ved hausteksamen. Vi har dei siste åra invitert tidlegare elevar som har fått strykk på eksamen til ein fagdag i forkant av hausteksamen. Fagdagen (fagspesifikk) vert nytt til å repetere pensum og førebu kandidaten til eksamen. Dette ser ut til å ha ein positiv effekt ved at fleire består hausteksamen.

46% av elevane som vert tekne inn ved skulen har mindre enn 30 inntakspoeng. For fylket som heilheit er tilsvarande tal 41,2%. Utfordringar knytt til låge inntakspoeng ser vi igjen i utfordringa med gjennomføring. Elevane sine førekunnskapar er viktige både i forhold til vidare læring og motivasjon for læringa. Som skule lukkast vi i stor grad å få gjennom elevar på vg1 og vg2 yrkesfag, sjølv om vi ser ein liten nedgang dei siste åra. Utfordringar med for få læreplassar og for mange elevar som vel påbygging er gjennomgåande. Skuleåret 15/16 vil vi arbeide vidare med både allereie etablerte og nye tiltak som:

- Lærarteam med to lærarar i kvar av fellesfaggruppene på yrkesfag (To klassar i same gruppe med 2 lærarar i kvar gruppe)
- Tett oppfølging av "gjengangarar".
- Kartlegging i august / september.
- Rapportering på fråvær og oppfølging gjennom ressursteam.
- FYR-metodikk i fellesfaga på yrkesfag
- Faste møter med avgjevarskulane med mål om få til gode overgangar

- Samarbeid med lokalt næringsliv for å få til auka grad utplassering i YFL, både med tanke på relevans i læringa og framtidige læreplassar

2 Prioriterte tiltaksområde 2015/16

2.1 Vurdering for læring

Skulen si vurdering i lys av:

Resultat frå Elevundersøkinga, undervisningsevalueringa, eigen kjennskap til skulen og kjenneteikn på kvalitet i Styringsdokumentet 2013 -15.

2.1.1 Vurdering av «vurdering for læring»:

Korleis vurderer skulen eigen vurderingspraksis gjennom relevante undersøkingar og eigen kjennskap til skulen:

4. Vurdering	Kvinnherad VGS (15 Høst)	Hordaland (15 Høst)	Nasjonalt (15 Høst)
4.1 Vurdering for læring	3,71	3,53	3,61
4.2 Egenvurdering	3,07	2,84	2,87
4.3 Vurdering for læring (Skoleporten)	3,47	3,27	3,33

I elevundersøkinga hausten 2015 har vi hatt framgang innan området eigenvurdering (frå oransje til gult) sett opp mot elevundersøkinga hausten 2014. Innan området vurdering for læring i elevundersøkinga har vi ein marginal framgang jf. året før.

2.1.2 Utfordringar innan «vurdering for læring»

Utfordringar:

Sjølv om vi som skule kjem godt ut i elevundersøkinga på punkta Vurdering for læring og Eigenvurdering, ser framleis til dels store interne forskjellar. I Elevundersøkelsen, har vi oransje skår på innsats (gult for hfk) og gult på faglege utfordringar. Elevane sine tilbakemeldingar på innsats og faglege utfordringar, kan vera eit uttrykk for at vi som skule ikkje stor nok grad klarar å gje alle elevane våre tilstrekkeleg faglege og motiverande utfordringar. Vurdering for læring har skuleåret 2015/16 vore eit særskilt prioritert utviklingsområde og vi skal arbeide vidare med dette hausten 2016 i SkoleVFL. Gjennom SkoleVFL har vi hatt fokus på å vidareutvikle lærarkollegiets samla vurderingskompetanse. SkoleVFL er skulebasert kompetanseutvikling som inneber at leiinga og heile det pedagogiske personalet ved skulen samarbeider om utviklingsprosessar på eigen arbeidsplass. Målet er å utvikla den samla kunnskapen, haldningar og evne når det gjeld læring, undervisning og samarbeid. Det er eit mål for oss som skule at metodisk bruk av vurdering for læring skal inngå i alt læringsfremjande arbeid. Vidare arbeid med SkoleVFL vil vera det utviklingsområdet som vert prioritert høgast i skulen sin utviklingslån første halvdel skuleåret 2016/17.

2.2 Bruk av IKT i læringsarbeidet

Skulen si vurdering i lys av:

Resultat frå Elevundersøkinga, undervisningsevalueringa, eigen kjennskap til skulen og kjenneteikn på kvalitet i Styringsdokumentet 2013 -15.

2.2.1 Vurdering av «bruk av IKT i læringsarbeidet»:

Korleis vurderer skulen «bruk av IKT i læringsarbeidet» gjennom relevante undersøkingar og eigen kjennskap til skulen:

Skulen har dei siste åra gjennomført fleire prosjekt knytta til bruk av IKT i læringsarbeidet dette skuleåret:

(Sjå <https://www.laringihordaland.no/> for nærare opplysningar om desse prosjekta)

Fleire av prosjekta ved skulen har vore knytta til bruk av nettbrett/iPad, som eit supplement til bruk av PC i klasserommet. Røynslene så langt er varierende. Best utbyte av bruk av iPad har vi sett hos elevar med særskilte behov, og/ eller elevar med lærevanskar. Nokre yrkesfag har òg hatt god nytte av einskilde applikasjoner (app'er) tilpassa deira læreplan. Klassar innan studiespesialisierende retning, har i mindre grad nytta seg av tilbodet om tilgang til iPad'er.

Innan realfaga har det vore særskilt merksemd på bruk av digitale verktøy jf. bruk av pc på eksamen. Innan språkfaga ser vi auka bruk av digital retting og digitale tilbakemeldingar.

2.2.2 Utfordringar innan «bruk av IKT i læringsarbeidet»

Utfordringar:

Vi ser at det internt er til dels store skilnadar i lærarane sin IKT-kompetanse, både når det gjeld verktøybruk, pedagogisk bruk av IKT og bruk av digitale læringsressursar. Basisferdigheiter som enkel bruk av It's learning, e-post, teksthandsaming, PowerPoint og Internett er i det store god. Kompetansen er og tilfredstillande for bruk av fagspesifikk programvare som elevane skal ha opplæring i på yrkesfag.

Det er òg ei utfordring at elevane sin digitale-kompetanse spriker. Spesielt gjeld dette for program som det vert forventa at elevane kan frå ungdomskulen, til dømes Word, Excel og PowerPoint. Det er òg ei utfordring at ein del elevar har låg kompetanse/forståing for bruk av It's learning.

I utviklingsplanen for 2016/17 vil vi prioritere vidare arbeid med lærarar, andre tilsette og elevar si forståing av, og evner innan digital kompetanse og IKT i læringsarbeidet.

2.3 Klasseleiing

Skulen si vurdering i lys av:

Resultat frå Elevundersøkinga, undervisningsevalueringa, eigen kjennskap til skulen og kjenneteikn på kvalitet i Styringsdokumentet 2013 -15.

	Kvinnherad VGS (15 Høst)	Hordaland (15 Høst)	Nasjonalt (15 Høst)
3. Klasseledelse			
3.1 Støtte fra lærerne	4,14	4,01	4,05
3.2 Arbeidsro	3,76	3,78	3,81
3.3 Elevdemokrati og medvirkning	3,67	3,40	3,41
3.4 Felles regler	4,08	3,87	3,91
3.5 Læringskultur	3,92	3,86	3,90
3.6 Praktisk opplæring	3,42	3,23	3,23
3.7 Variert opplæring	4,00	3,73	3,75

2.3.1 Vurdering av «klasseleiing»:

Korleis vurderer skulen arbeidet med «klasseleiing» gjennom relevante undersøkingar og eigen kjennskap til skulen:

Skulen har dei siste 3 år hatt særskilt merksemd på «Den gode læringsøkta». Dette har gjeve positive utslag på fleire område. Utgangspunktet for dette utviklingsarbeidet var at vi som skule kom dårleg ut innan område klasseleiing, og då særskilt arbeidsro i timane. Dei tiltak som er sett i verk ser ut til å ha gjeve gode resultat.

KVINNHERAD VIDAREGÅANDE SKULE
HORDALAND FYLKESKOMMUNE

-- Ansvar og læring gjennom meistring og motivasjon --

Kjenneteikn ved den gode læringsøkta

Lærar og elev har i fellesskap ansvar for at læringsøkta skal bli god.

Læraren er leiaren i klasserommet. Elevane har ansvar for eiga læring og medansvar for andre elevar si læring.

Starten:

- Vi måter presis
- Vi har med oss utstyr som trengst
- Vi er forebuade
- Målet for timen er kjend

Gjennomføringa:

- Det er fagleg fokus
- Lærar styrer pc- og mobilbruk
- Undervisninga er variert og tilpassa
- Det er gode relasjonar mellom lærar og elev og mellom elevane
- Det er orden, struktur og arbeidsro

Avslutninga:

- Ei kort oppsummering/samandrag av økta og refleksjon over kva vi har lært

Den gode læringsøkta er bygd på prosessar rundt kva som er god praksis, sett ut frå både lærarar og elevar. Skuleåret 2016/17 skal den gode læringsøkta opp til revisjon blant elevane og i kollegiet.

Vidare arbeid med modellar for god klasseleiing, praksis og kjenneteikn vil bli prioritert i utviklingsarbeidet. I skoleVFL er dette ògså eit overlappande tema.

2.3.2 Utfordringar innan «klasseleiing»

Utfordringar:

Sjølv om vi som skule skårar godt på området klasseleiing i siste elevundersøkinga, ser vi at det er ulikskap på avdelingsnivå og innan dei ulike programområda. Spesielt kan vera ulik praksis i oppfølging av fråvære, aksept for forseintkoming, konsekvent føring av merknadar og sending av varsel. Elev- lærarrelasjon har vore eit prioritert tiltaksområde gjennom fleire år. «Den gode læringsøkta» har som nemnt i vurderingsdelen, gjeve gode resultat innan klasseleiingsområdet. Arbeidet med «Den gode læringsøkta» vil bli vidareført i skulen sin utviklingsplan for 16/17.

3 Vurdering av eitt utviklingstiltak skulen har jobba særskilt med

3.1 Gi ein kort omtale av tiltaket

Skuleåret 15/16 har vi særskilt arbeidd med SkoleVFL, skolebasert vurdering for læring. Det har vore jobba med temaet på ettermiddagsøktar gjennom heile skuleåret. Studiet er bygt opp som ein MOOC (Massive Open Online Course), og består av 8 moduler. Det er Høgskolen i Lillehammer som er fagleg ansvarleg for kurset.

Høgskolen har definert dette som målet for studiet: *"Skolen har økt sin samlede kunnskap om vurdering og læring, og utøver en kollektiv vurderingspraksis som er svært gunstig for elevenes læring og kompetanseutvikling."*

Vi har pr. dato gjennomført fem modular, og planlegg å fullføra kurset i løpet av komande skuleår.

3.2 Kvifor har skulen valt ut dette tiltaket?

Vi ser dette utviklingstiltaket som svært sentralt for å kunna gje elevane våre best mogeleg vurdering, både i eit kort og langt tidsspenn. Gjennom kurset utviklar lærarane ein meir kollektiv forståing av kva god vurdering er, og korleis vurderinga kan hjelpa elevane til eigen refleksjon, og motivasjon til å betra innsatsen sin i faga.

3.3 Korleis har leiinga følgd opp tiltaket gjennom året?

Leiinga har hatt ein sentral rolle i planlegging, tilrettelegging og gjennomføring av tiltaket. Kvar modul er førebudd og leia av personar frå leiargruppa.

3.4 Ser skulen endra praksis som følgje av utviklingsarbeidet? Kva legg leiinga til grunn for vurdering av tiltaket?

Det er noko tidleg å svara på om skulen har endra praksis som følgje av utviklingsarbeidet. Einskildlærarar fortel om endra praksis, men den kollektive praksisen er det for tidleg å sei noko bastant om. Elevundersøkinga hausten 2016 vil gje oss tydelegare signal om effektar av tiltaket.

3.5 Planlegg skulen å jobbe vidare med tiltaket?

Skulen planlegg å arbeida vidare med tiltaket, men vil diskutera med personalgruppa korleis vi reint praktisk skal gjera dette. Det er viktig alle har og tar eigarskap til den metodikken som vert lagt til grunn for utviklingsområdet, for at den skal gje resultat i elevane si læring. I kollegiet har det kome fram kritikk mot det store fokuset temaet har fått, og den omfattande tidsbruken som ein konsekvens av dette. Det har vore utfordrande å få til gode kollektive prosessar med merksemd på eigen praksis som omfattar heile det pedagogiske personalet og leiinga.

4 Prosess knytt til tilstandsvurdering**4.1 Korleis har leiinga lagt til rette for prosessar med tilstandsvurdering gjennom året?**

Tilstandsdata frå elevundersøking, undervisningsevaluering, fråværs-, karakter- og gjennomføringsdata er blitt presentert, vurdert og drøfta på ettermiddagsøker, planleggingsdagar og fellesmøter gjennom heile året. Grunnlag for vurderingar er blitt sett opp mot skulen sin samla praksis. Alle lærarane ved skulen har avsett tid i arbeidsplanane til å arbeide med eit eller fleire av skulen sine utviklingsområde. Lærarane har jobba både i seksjonsvise og tverrfaglege grupper.

4.2 Korleis har leiinga sikra forpliktande medverknad og involvering?

Det er avsett tid i alle arbeidsplanar til arbeide med skulen sine utviklingsområder. Tida utgjer om lag 3% av årsverket. Utviklingsområda er bassert på tidlegare års tilstandsrapportar, samt funn frå elevundersøking, undervisningsevaluering og tilstandsdata frå Extens og PULS.

I kursopplegget for skoleVFL er det lagt inn ulike vurderingspunkt i form av innlegg, kommentarar og eigenvurdering.

4.3 Korleis sikrar leiinga at heile det pedagogiske personalet er involvert i gjennomføring av utviklingsarbeidet?

Sjå punkt 4.1 og 4.2. Den enkelte lærar har i sin halvårsplan (arbeidsplan) oppført kva utviklingsområde han/ho skal arbeide med den aktuelle perioden.

4.4 Korleis har skulen sikra elevmedverknad i utviklingsarbeidet?

Elevane har vore delaktig gjennom elevrådet. Elevinspektør og rektor har faste månadlege møter med elevrådet. Skulen sine utviklingsområder har vore tema her. Skulemiljøutvalet har sett på emne knytt til læringsmiljø og klasseleiing. Rektor hadde på elevrådsdagen i januar, gjennomgang av Elevundersøking og oppsummering av undervisningsevalueringa for alle elev- tillitsvalde ved skulen. Ved skulestart fekk elevane informasjon om mål og utviklingsområda ved skulen, på den eine posten på «stasjonsdagen». Elevrepresentantar deltek også på det årlege VBV-møtet mellom skulen og fylkeskommunen.

4.5 Kva har vore dei største utfordringane for å lukkast med utviklingsarbeidet?

Skulen sin samansetting av mange mindre og mellomstore fagmiljø gjer det utfordrande å finne tid innanfor ordinær arbeidsdag til arbeide med kollektive utviklingsprosjekt.

Den største utfordringa er å finne tilstrekkeleg felles tid til å arbeide med utviklingsområda. Det er òg ein tendens til at «tida går» om ein ikkje er tett på og etterspør korleis dei ulike utviklingsarbeida skride fram.

Som nemnt i punkt 3.5 har det vore utfordringar med å få til tilstrekkeleg kollektiv forankring for utviklingsområde som er felles, og som omfattar heile kollegiet ved skulen. Arbeidet med dette vil bli prioritert i arbeidet med nytt styringsdokument.

5 Nytt styringsdokument 2016-2018 – prosessen vidare**5.1 Kva vil skulen legge vekt på i planlegging av arbeidet med å forankre nytt styringsdokument i organisasjonen?**

Vi vil i samrå med intensjonane for styringsdokumentet fortsetta å ha fokus på både felles og lokale mål og tiltaksområder som er med på å fremja elevane si læring og gjennomføring. Ein føresetnad for dette er at alle må ha eigarskap til desse områda. Hausten 2016 vil gjennomføring og sluttevaluering av SkoleVFL vera skulen sitt hovudområde. For at vi skal lukkast med dette er det viktig at vi får til betre felles forankringa av dei kollektive mål og metodevala som vert lagt til grunn i kurset. Likeins ser vi det som viktig at forskingsbasert kunnskap om kva som gjev god læring og læringsutbytte, godt læringsmiljø og auka gjennomføring vert teken opp og implementert i organisasjonen.

Funn frå elevundersøkinga viser at det til dels er store interne skilnadar i elevane si oppleving av praksis innan område som vurdering for læring, og klasseleing. Vi ser det same for bruk av IKT i undervisninga I utviklingsarbeida våren 2017, kan det vera aktuelt å prioritere tettare oppfølging av desse skilnadane på fag- og seksjonsnivå. Eigarskap og merksemd på gjennomføring vil såleis vera viktige nøkkelord for vidare arbeid med nytt styringsdokument.